



Boligbygg Vest AS
Fagerdalen 4
5039 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2083 - 18/19651

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
17.09.2018

Godkjenning - løyve til oppføring av tomannsbustad BK07 Elvaåsen - gbnr 23/567 Frekhaug

Administrativt vedtak. Saknr: 240/2018

Tiltakshavar: Boligbygg Vest AS

Ansvarleg søkjar: TysseLand Arkitektur AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.


SAKSUTGREIING:

Tiltak:

TysseLand arkitektur AS har på vegne av tiltakshavar, Boligbygg vest AS, søkt om løyve i eitt trinn for oppføring av tomannsbustad på gbnr 23/567 i Elvaåsen Meland kommune (hus 33 og 34).

Saka omfattar søknad om løyvet til tilkopling til kommunalt vass- og avlaupsanlegg motteke 06.09.18.

Utforming av bygget skildra gjennom innsendt illustrasjonsteikning:



Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandkart.no

Ved frådelling vil eigedomen ha eit areal på om lag 723 m² og er oppgitt med to plan med samla bebygd areal (BYA) på 240 m², 33,2 %-BYA. Dette er innanfor gjeldande utnyttingsgrad på 40 % BYA. Planeringsnivå og topp byggehøgde (overkant tak) er oppgitt til høvesvis kote +29,5 moh og +38,28 moh. Det blir elles vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 09.08.2018.



Nabovarsling:

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3 første og andre ledd. Ansvarleg søkjar har vurdert det slik at tiltaket krev ikkje nabovarsel og at ingen interessa er råka av tiltaket.

Administrasjonen vurderer at nabovarsling i samsvar med pbl § 21-3, første og andre ledd er ikkje naudsynt.

VURDERING:

Lov- og plangrunnlag:

Den omsøkte eigedomen ligg innanfor område BK07 og er regulert til konsentrert småhusbebyggelse i Reguleringsplan for Elvaåsen, planid: 125620110003. Omsøkt bygg er i samsvar med reguleringsplanen.

Utnyttingsgrad:

Plankartet legg til grunn ei maksimal utnyttingsgrad (TU) på 40 %-BYA. Det er søkt om ei utnyttingsgrad på 33,2 %-BYA rekna ut i frå ein tomtstorleik på 723 m². Omsøkt utnytting er dermed i samsvar med regulert utnyttingsgrad og kan godkjennast.

Plassering, høgd og avstand til nabogrense:

Det følger av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne byggverket si plassering, medrekna høgdeplassing og byggverket si høgde.

Planføresegn § 3.1 nr. 2 i Reguleringsplan for Elvaåsen legg til grunn at maks mønehøgde er 9m over planeringsnivå, med utgangspunkt i regulert planeringsnivå. Planeringsnivået på omsøkte eigedom er på kote +29,5 moh.

Det er søkt om ei høgdeplassing på kote +38,28 moh. Kommunen kan godkjenne omsøkt høgdeplassing i samsvar med reguleringsplanen, jf pbl § 29-4 første ledd.

Bygningen har ei mønehøgde på 8,78 meter, målt frå gjennomsnittleg planert terrengnivå, og kan godkjennast i samsvar med reguleringsplanen, jf pbl § 29-4 første ledd.

Vidare er bygningen omsøkt plassert innanfor regulerte byggjegranser.

Administrasjonen godkjenner omsøkt plassering, jf pbl § 29-4 andre ledd, jf. byggjesaksforskrifta (SAK10) § 6-3.

Visuelle kvaliteter:

Administrasjonen vurderer at det omsøkte tiltaket stettar krava i plan- og bygningslova til utforming, funksjon og utsjånad, jf pbl §§ 29-2, jf 29-1.

Den ubebygde delen av tomta:

Det følger av pbl § 28-7 andre ledd at uteareal «skal gjennom størrelse, utforming og beliggenhet mv. Sikre forsvarlig oppholdssted i det fri for beboerne og i nødvendig utstrekning muliggjøre lek, rekreasjon, avkjørsel og parkering av biler, motorsykler, sykler o.l.»

Planføresegn § 3.1 pkt. 2 legg til grunn at det skal vere ei parkeringsdekning for bustadane på minimum 1,5 plass per bustad. Vidare skal det etablerast minimum 2 sykkelparkeringsplassar innandørs for kva bueining. Sykkelparkeringsplassane kan vere i felles anlegg eller i bod.

Vedlagte teikningar viser at regulerte krav til parkering er oppfylt.

Tilkomst:

Det følger av pbl § 27-4 at før «oppføring av bygning blir godkjent, skal byggetomta enten være sikret lovlig atkomst til veg som er åpen for alminnelig ferdsel eller ved tinglyst dokument eller på annen måte være sikret vegforbindelse som kommunen godtar som tilfredsstillende.»

Den omsøkte eigedomen skal ha tilkomst via regulert veg o_KV01, f_KV08, f_KV11 og f_KV12 fram til den delen av eigedomen der hus 33 og 34 skal byggjast.

Tilkopling til kommunalt VA-anlegg:

Det er søkt om tilkopling til kommunalt VA-anlegg i samsvar med søknad frå 123 Rør AS, journalført motteke 06.09.2018. Meland kommune godkjenner omsøkt plassering av vass- og avlaupsleidningar. Tiltakshavar er ansvarleg for at løysingande blir utført i samsvar med godkjent VA-rammeplan og Meland kommune sin VA-norm. Sjå vedlagt situasjonskart datert 03.10.2016 innsendt av ansvarleg søkjar og journalført motteke på arkivsakid 17/2095 (dokument 7).

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar og tiltaksklassifisering i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan, journalført motteke 09.08.2018. Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket blir utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23-1.

Ansvarleg søkjar skal samordne dei ansvarleg prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf pbl § 23-4 andre ledd.

Særskilt om støttemurar:

Det er ikkje vist støttemurar på innsendt situasjonsplan i tilknytning til oppføring av bygget. Dersom det under bygging viser seg naudsynt å oppføre støttemurar som ein del av tiltaket må det sendast inn endringssøknad med situasjonsplan som viser plassering og høgdde av eventuelle støttemurar. Dette må gjerast før arbeida tek til, jf reguleringsføresegna § 2.2 og § 2.5 om utforming av murar.

Avrenning mot Mjåtveitvassdraget:

I samsvar med planføresegn § 2.4 nr 7, 8 og 9, skal byggjetiltak på areal som drenerer mot Mjåtveitvassdraget sikrast mot ureining gjennom dei sikringstiltaka som framgår av godkjent utomhus- og VA-plan. Tiltakshavar og ansvarshavande for relevante funksjonsområde har ansvar for å sjå til at sikringstiltaka fungerer og at ureining ikkje skjer.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 løyve til oppføring av tomannsbustad i BK07 på gbnr 23/567, jf søknad journalført motteke 09.08.2018, supplert med søknad om tilkopling til kommunalt vass-avlau den 06.09.18.

Plassering skal vere som vist på vedlagte situasjonsplan journalført motteke 09.08.2018 og med eit toleransekrav i horisontalt plan på +/-50 cm. Minstekravet på 4 meter til nabogrenser er absolutt, jf pbl § 29-4, dersom ikkje anna er sagt ovanfor. Trasé for vatn- og avlaupsleidningar blir godkjent som omsøkt. Planeringsnivået er på kote +29,5 moh og topp mønehøgde på kote +38,28 moh, med toleransekrav i vertikalt plan på +/-20 cm, jf vedlagte situasjonsplan og snitteikningar. For utforming av tiltaket elles blir det vist til vurderinga over og vedlagte plan-, snitt- og fasadeteikningar.

Plassering av bygningen på tomte skal dokumenterast seinast saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve for oppdatering av kommunen sitt kartverk. Meland kommune krev at innmålingsdata blir sendt i KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare).

Før det kan søkjast om ferdigattest eller mellombels bruksløyve må følgjande areal vere ferdig opparbeida i samsvar med reguleringsplanen:

- KV11
- KV12
- G02
- G03
- LEK02
- UA01
- UA02
- UA06
- ØK04
- ØK05
- KV01 fram til KV08
- KV08 fram til KV11

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden blir registrert i matrikkelen, jf matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Ansvar i saka gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf ovanfor.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom

tiltaket blir innstilt i meir enn to år, jf pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidelgare godkjenning.

Meland kommune godkjenner at eigeodomen blir knytt til kommunalt VA-anlegg på følgjande vilkår:

- Tilknytinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf kommuneforlaget.
- Tilknytinga skal skje i kum. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast til kommunen når tilknytinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding om dette til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ, der tilknytingsgebyret for vatn er kr 20 000,- og for kloakk kr 20 000,- pr. bueining + mva.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneloven § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf pbl § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av tiltaket må takast i bruk til det omsøkte formålet før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre. Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf fvl § 27b.

Gebyr for kommunen si handsaming av søknadane om byggjeløyve og tilkopling til kommunalt VA-anlegg blir ettersendt, jf høvesvis Plan- og bygningsloven § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Ettersom gebyret er fastsett ved forskrift kan det ikkje klagast over at det blir kravd gebyr eller over storleiken på gebyret, jf forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan likevel klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngitt.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om tilkopling til VA-nett
E-postmelding - Søknad om tilkopling til VA-nett
Diverse kart - H003 VA-rammeplan final
Søknad om tillatelse i ett trinn-Elvaåsen-BK07
Søknad om tillatelse i ett trinn-Elvaåsen-BK07

Vedlegg:

Elvaåsen_Forsidebrev_Ett trinns søknad_BK06-07

Binder_Tegninger-SØK_BK06+07

Binder_Erklæring om ansvar_BK06+07

Kopi til:

Anngunn Marie Gullbrå

Egil J. Gripsgård

Mottakrar:

Boligbygg Vest AS

Fagerdalen 4

5039

BERGEN

Tysseland Arkitektur AS

Strandgaten 19

5013

BERGEN